

Hornindal og Markane skytterlag byd inn til Olsokstemnet 2020

Stemnet startar onsdag 22. juli og held fram til laurdag 25. juli.

Program:

200 m: Kl. 3-5 skyt 25 skot + Olsokskytinga (5 kne, 5 liggande og 5 ståande, skote i ein serie på 4 minutt).
Kl. 2, V55 og open klasse skyt 25 skot + Olsokskytinga (5 kne, 5 ligg og 5 kne, skote i ein serie på 4 min.)
Kl.1 skyt 25 skot + Olsokskytinga (15 ligg på 4 min)
Kl. Kikkertklassen, AG3/HK416 skyt 25 skot + Olsokskytinga (15 ligg på 4 min)

100 m: Fullt DFS-normalprogram, 35 skot meisterskap. NV og NU 25 skot.

Innskot Etter vedtekter i samlaget + kr. 60,- for Olsokskytinga.

Klasse 1-5, V55, Kikkertklassen og AG3/HK416: kr. 150,- (premie 75 + arr.avg 75) + kr. 60,- for Olsokskytinga

Klasse V65 og V73: kr. 150,- (premie 75 + arr.avg 75)

Klasse R, ER, J, EJ, NU og NV : kr. 80,- (premie 40 + arr.avg 40)

Premiering

200 m: 1/3 premiering av 15 skot + 10 skot. Olsokskytinga med eigne dreia trefat.

100 m: 1/3 premiering av 15 skot + 10 skot for veteran.

50 % premiering av 15 skot + 10 skot for Rekrutt, junior og NV klassane.

I klasse NU 100% premiering med gjenstand.

Dei to beste på meisterskapen får eigen premie, vinnar av Olsokskytinga får Einar Øen's minnepremie.

Meisterskapsmedaljer for klasse 3-5 og aldersbestemte klassar. Øvrige klassar medalje v/min.5 deltakarar.

Lag skyting: Olsokpokalen vart vunne til odell og eige i 2018 av Hyen skytterlag. **Ny pokal vart sett opp i 2019.**

Pokalen går over 5 år, frå 2019 t.o.m. 2023 **Innskot kr. 500,- per lag.** Dei 3 beste laga kvart år får Hallvard Sindre's minnemedalje (gyllt, sølv og bronse). Nytt av året er at kvart lag **kan** bestå av 2 skyttarar frå klasse 3 -5 og 1 skyttar frå klasse 2 eller V55. Vi håpar at dette kan vere ein stimulans til at fleire lag deltek.

Sparebankpokalen: Sølvpokal sett opp på meisterskap 200 m kl. 3 - 5. Pokalen går over 5 år. Førre pokal vart vunen til odell og eige av Ole Magnus Bakken i 2017. **Ny pokal vart sett opp i 2018. Går frå 2018 - 2022**

Sunnylven skytterlag arrangerer banestemne i same tidsrom.

Avstand mellom Hyttehola og Sindre er ca. 25 km (30 – 35 min. køyretid)

Kontakttelefon: Hornindal og Markane: 90035489, Sunnylven: 94435850

Vi ynskjer skyttarane velkomne til Olsokstemnet 2020

Påmelding på www.dfs.no eller på bana. Sindre Skytebane <http://kart.gulesider.no/m/nWaCN>